# Årsmelding for idrettslaget Føyk IL 2020

***Laget har hatt desse tillitsvalde;***

| | |
|---|---|
| Styreleiar | Bente Moe Svoldal |
| Nestleiar | Ingrid Larssen Sekse |
| Kasserar | Kari Sekse |
| Skrivar | Tale Hauso |
| Styremedlem | |
| | Oda Gjerde Tyssebotn |
| | Øyvind Andersen |
| | Jon Arne Sekse |
| Varamedlem | Audun Kvalnes |
| Idrettsmerkenemnd | Oda Gjerde Tyssebotn |
| Valnemnd | Ann Kristin Espe |
| | Halvard T. Eriksen |
| Revisor | Randi Fresvik |
| | Magnus Steigedal |

*I idrettsåret 2020 har me hatt to styremøte, men mykje kommunikasjon gjennom vår interne Facebookside. Eit spesielt år der koronapandemien har påverka tilbodet frå Føyk. I mars vart alt nedstengd og det var ikkje før til hausten at me fekk starta opp att med treningane.*

**Medlemmar**

Registrerte medlemmar 2020 (2019)

| | |
|---|---|
| Vaksne | 128 (116) |
| Ungdom | 27 (32) |
| Born | 40 (44) |

Det har vore ganske stabilt medlemstal siste året.

**Økonomi**

Det er bra økonomi i Føyk. Me har fått til mykje i 2020.

Inntektene kjem i hovudsak frå:

Medlemspengar: 16000

Kulturmidlar: 25.000

LAM: 38.000

Grasrotdel: 19.000

Boliden: 10.000

Odda Lions klubb: 10.000

Utstyrsmidlar: 6500

Gjensidigestiftelsen: 162.000

Største utgiftene i 2020 har vore klatrevegg med 280.000 kr, og fellesområdet ved Grannabryggjo ca. 65.000 kr. I tillegg til fornying av diverse treningsutstyr.

Årsresultat - 141.000 kr.

Momskompensasjon for prosjekt ved Grannabryggjo og klatrevegg til saman ca. 115.000 kr vil koma inn i 2021.

Viser til rekneskapen for utfyllande detaljar.

## Møter

15.01.20 - Bente, Oda, Øyvind og Ingrid var på medlemsmøte i Grannabryggjo i samband med utleige av plass til badstuflåte

14.09.20 - Bente var på møte med barnehagen i samband med bruk av barnehagen sine område, brannvern, vaskeavtale, booking av møterom osv.

01.09.20 - Bente var på møte med barnehagen, foreldre, IAG og Bygdekvinnelaget i samband med den nye Kommuneplanen i Ullensvang Kommune

10.12.20 - Bente – telefon/e-post korrespondanse med Idrettsrådet sin leiar Arnfinn Førsund i samband med midlar til idrettsformål/nye prosjekt i Ullensvang Kommune

05.11.20 - Oda var på møte i Fjordahallen i samband med kartlegging av idrettsanlegg og tilstand, samt informasjon om planane til Nye Ullensvang med desse anlegga. I komande år vert det lite midlar å henta frå kommunen, då det skal sparast også på idrettssida.

Kommunen vil lage ei oversikt over alle idrettsanlegga i den nye kommunen, for å sjå på behovet for midlar og vedlikehald som trengst for å drifte dei.

## Samarbeid med IAG; ny kodeboks, livredningsbøyer og hjartestartar

Me har i samarbeid med IAG montert ny kodeboks etter avtale med barnehagen. Espen Bukve frå IAG var initiativtakar her. Me har no oversikt over tider på innlåsing, og oversikt over kven som kan låsa seg inn.

Føyk v/Bente søkte om og fekk 2 livredningsbøyer til Grannabryggja via Tryg. IAG har installert/montert desse. I tillegg fekk me sponsa hjartestartar frå Sparebanken Vest. Denne er installert av IAG, og heng på veggen på Grannatun i eigna skåp.

## Treningstilbod: covid-19 – eit annleis år å drive idrettslag

2020 vart prega av covid-19, og tradisjonelle aktivitetar som tradisjonelt samlar mange born og vaksne i bygda vart diverre avlyst. Trimkarusell med idrettsmerketaking, aktivitetsdag i Tyssohallen, skidag og treningsdag/helg for vaksne er av dei flotte arrangementa som me ikkje kunne gjennomføra i 2020. I tillegg hadde me planlagt eit større arrangement for opning av trebryggjo ved Grannabryggjo. Dette har me måtta utsett.

Treninga for born og unge har me forsøkt å gjennomføra, men med ein del avgrensingar. Me har til dømes ikkje kunna hatt med borna i Odda Folkebad eller på ski på Korlevoll på grunn av pandemien. Dette grunna reglar og avgrensingar på transport.

Det har vore pålagt idrettslaga å laga ein smittevern-plan, samt å lage rutinar som alle skal fylgje i denne tida. Føyk har laga eigne rutinar og reglar for born og vaksne som me kontinuerleg fylgjer opp. Desse er basert på Idrettsforbundet sine retningslinjer som igjen baserer seg på FHI sine anbefalingar.

Me er pliktige til å loggføra og skriva opp lister på alle som er på treningane og arrangementa i Føyk sin regi til kvar ein tid. Dette grunna smittesporing.

Vasking og spriting er vorte ein del av rutinen i samband med treningane, og me må rekne med at dette vil vare ei stund framover. Grunna plutselege endringar og avlysingar i treningar er me glad for at me har digitale kanalar, slik at me kan nå medlemmane våre med beskjedar raskt.

**Barnehagetrimmen:**

Årets første trening var 12. januar og me hold på til 11. mars. Etter nedstenginga starta barnehagetrimmen opp att 12. oktober.

På grunn av covid-19 måtte me sprite alt me brukte og føre lister over kven som deltok og kven som følgde dei. Bjørg Opedal Hove vart med som trenar slik at me kunne både leike og sprite utstyret og overhalde smittevernreglane. Normalt var det mellom 5 og 10 ungar.

**Idrettsskulen:**

**1.-3. klasse:**

Det vart laga ein variert plan både vår og haust for dei yngste som vanleg. Måndag 18.00-19.00 er treningstida. Gjennomføringa i 2020 vart noko avgrensa, mykje grunna smitteverntiltak. Foreldra er som vanleg trenarar i 1-3 veker. Etter covid-19 -pausen i mars vart det gjennomført treningar med 5-8 barn vår/haust. Tilbakemeldinga er at dette er kjekt. Klatreveggen vart nytta tre gonger i haust. Foreldra sjølve er kursa av Føyk, og er med og sikrar. Erfaringa er at det er litt stort spenn i alder mellom 1.-3. klasse. Dette tek me med oss i vidare planlegging.

**4.-5. klasse:**

Har hatt treningstid torsdagar klokka 17.00-18.00. Bra oppmøte med rundt 6 og 7 i snitt. Dei vanlege aktivitetane har vore gjennomført: Diverse alltrening, ballspel, hinderløype og så vidare. Nytt i år er klatring i veggen vår og buldring i Odda.

**6.-7.klasse:**

Har hatt treningstid torsdagar klokka 18.00-19.00. Oppmøte har vore litt variert, rundt 4-6 born. Har hatt dei vanlege gymsalaktivitetane, supplert med klatring i veggen vår og buldring i Odda. Rykk symjing i Odda rett før nedstenging. Tur med postar/aktivitetar har dei og hatt.









**Vaksentreninga:**

Tale har gjennomført trening for vaksne ute på grusbanen og i ballbingen. Her har det blitt gjennomført trening utan utstyr med god avstand. Varierande oppmøte, men har vore mellom 3 til 8 personar på trening. Nokre måndagar fekk Bodil Nakkerud gjennomført styrketrening inne. Gubbatrimmen hadde nokre treningar med innbandy og volleyball på nyåret, men etter mars har det ikkje vore gubbatrim i år.

‘ 

## Liatravaren

I 2020 tok me i bruk Trimpoeng Appen for registrering i Liatravaren. Appen gjer det mogeleg å registrere seg via mobilen i staden for å skrive seg inn i bøker. Appen fungerer foreløpig berre for dei som har mobil, og born og andre som ikkje har mobil, må skrive seg inn i bøkene.

Appen gjer det mogelen å sjølv fylgje med på eigne poeng, og sjå korleis ein ligg an i konkurransen. I tillegg kan ein lese informasjon om turmåla, og sjå på kart kor ein befinn seg. Appen appellerte godt til alle aldersgrupper i bygda, og tilbakemeldingane har vore veldig gode.

Me la inn tre nye postar og sette opp postkasse på desse; Langaskarv (40 poeng), Velteplassen (20 poeng) og Storelvi (20 poeng). Me endra poengsystemet slik at me var meir på linje med poengsystema med andre konkurransar i området:

Stegastein 60
Galden 40
Storaelve 20
Seksehovden 100
Langaskarv 40
Hovlandsstølen 60
Velteplassen 20
Vaoga 80

Reglane er slik at ein må gjennomføre 5 av 8 turar for å gjennomføre Liatravaren. Det er same kva turar ein vel å gjennomføre. Vinnaren er medlem som har mest poeng (eigen klasse for vaksne og born under 12 år). Alle som har gått fem turar eller fleire er med i trekkinga av premie.

Konkurransen er i hovudsak for medlemmer, og er gratis for desse. Føyk betalar ei avgift per deltakar til Trimpoeng.

I Liatravaren 2020 var det 80 innregistrerte i appen. Det vart fullført utrulege 3615 turar.

Vinnaren av Liatravaren i 2020 vert tradisjon tru heidra 17. mai 2021. Me premierar vinnar, trekker ein premie til ein som har gjennomført konkurransen, og trekker ein barnevinnar. Erfaringa frå 2020 viser at me kan lage ulike aldersklassar og kanskje heidre fleire ivrige Liatravarar.

17. mai kåra Oda Tyssebotn vinnarane av Liatravaren 2019 via video. Det er ein tradisjon som me fortset framover.

«Liatravaren 2020» vart avslutta 01.11.20.





## Vintertravaren

Frå 15.12.20 la me opp «Vintertravaren», med litt forenkla reglar. Så langt er det 15 stykk som har meldt seg på. Nokon av turmåla er mykje meir utfordrande no på vinterstid grunna snø og is. Denne går føre seg eit par veker før konkurransen Liatravaren2021 startar.



## Grannabryggjo

I 2020 vart skjørtet og toppdekket fullført på kaia. Det har blitt montert to stigar ned i sjøen. Livbøyer er også blitt montert. Trekaia er no ferdig i denne omgang. Totalt har det vore med over 30 forskjellige personar på dugnad. Me vil takka alle som har vore med i dette arbeidet.

Det var planlagt opningsfest i Grannatun, men det vart avlyst grunna covid-19.



*(Foto: Karl Arvid Andersen)*

## Klatrevegg

IL Føyk har bygd innandørs klatrevegg i gymsalen i Sekse barnehage. Klatreveggen er 45 kvadratmeter og har seks feste for topptau. Kvart topptau har to eller tre klatreruter med ulike fargekodar. Det er stor variasjon i vanskegrad på rutene.

**Arbeidet:**

- Ribbeveggane vart skrudd ned på dugnad.
- Ystanes elektro flytta varmevifte, nødlys og lysarmatur.
- Stian Viken 3D Climb har teikna, bygd, malt og skrudd ruter. Han arbeidde med veggen i gymsalen frå 16. mars til 31. mars.

**Rekneskap:**

| **Utgifter** | |
|---|---:|
| Klatrevegg (forskot) | 93 604,00 kr |
| Klatrevegg (resterande) | 187 208,00 kr |
| Elektrikar | 15 077,14 kr |
| Duk | 6 362,50 kr |
| **Sum utgifter** | **302 251,64 kr** |

**Finansiering:**

| | |
|---|---:|
| Gjensidige stiftinga | 162 000,00 kr |
| Allmennyttige midlar SPV | 30 000,00 kr |
| Spleis | 4 000,00 kr |
| Lions Odda | 10 000,00 kr |
| Boliden | 10 000,00 kr |
| Eigenkapital | 86 552,00 kr |
| **SUM** | **302 552,00 kr** |

**Brattkortkurs:**

Føyk leigde inn instruktørar frå Hardanger fjellklyvarlag til å halda brattkortkurs. Det vart gjennomført eitt kurs med seks deltakarar i oktober. Det var planlagt kurs for tilsette i barnehagen i november/desember. Dette kurset er utsett grunna covid-19. Kurset vert gjennomført så snart det let seg gjere.

Føyk fekk 10 000 kr i støtte til brattkortkurs frå Hardanger folkeblad/Sparebankstiftelsen DNB.





**Klatreutstyr:**

Føyk hadde nye klatretau, selar og taubremsar som vart kjøpt inn for nokre år sidan. I haust vart det kjøpt inn fem kroppsselar til barn, fem selar til junior og 26 par klatresko frå størrelse 35 til 45.

**Opning og reportasje i Hardanger Folkeblad:**

Grunna covid-19 kunne me diverre ikkje ha ei stor opning av klatreveggen. I midten av september hadde me ei lita markering med nokre born og vaksne. Hardanger folkeblad vart invitert og skreiv ein fin artikkel om klatreveggen og arbeidet til Føyk.

 

## Jubileum

I 2021 er Føyk 80 år. Laget vart skipa i 1941 og den offisielle datoen er 18.april. Me skulle ha starta på planlegginga allereie i 2020, men me har utsett planlegging og gjennomføring av jubileumsfesten. Men me vil jobbe vidare med dette framover og skal nok finne på noko.

**Info**

Føyk har e-post adressa **foykil@gmail.com.** Denne sjekkar skrivaren i laget. Føyk finn du og på Facebook og på nettsida www.indreaustsio.no/foyk.

Børve 10. februar 2021
Skrivar Føyk
Tale Hauso